



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Olav Overvoll, 5557 2315

Vår dato  
20.01.2015  
Dykkar dato

Vår referanse  
2013/5478 433.1  
Dykkar referanse

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

### Resultat frå supplerande kartlegging av naturtypar i Meland i 2013

Vedlagt følgjer rapport i pdf-format frå supplerande kartlegging av naturtypar i Meland i 2013. Bakgrunnen for kartlegginga er gjort greie for i brev av 24.4.2012. Av ulike årsaker har slutføringa av arbeidet blitt noko forseinka.

Det vart ikkje funne så mykje nytt ved den supplerande kartlegginga i 2013. Fire nye lokalitetar er skildra i rapporten, i tillegg til fire eiketree ved Landsvik som er store nok til å falle inn under definisjonen av hol eik som utvald naturtype etter naturmangfaldlova. Av lokalitetane vil berre ein liten eikeskog ved Hjartåsstøa (lok. 14 i rapporten) og dei fire eiketrea bli registrert i Naturbase. To lokalitetar (lok. 4 og 5) er såpass små at dei ikkje oppfyller krava til å bli avgrensa som eigne lokalitetar, men funna her av ein spesiell variant av blankburkne – olivinblankburkne – vil bli registrert på [www.artsobservasjoner.no](http://www.artsobservasjoner.no). I rapporten er det òg foreslått ein større lokalitet med kystfurskog og noko kystlynghei ved Meland motorsportbane (lok. 3), men kystfurskog er ikkje lenger ein gyldig naturtype, og det som finst av lynghei her er i attgroing. Det er ikkje funne verdiar her som tilseier at lokaliteten bør registrerast i Naturbase. Ni lokalitetar som er kartlagt tidlegare er sjekka på nytt i felt, og har fått ny omtale og justert avgrensing. Seks lokalitetar vil bli sletta frå Naturbase fordi dei ikkje oppfyller krava til å bli registrerte som viktige naturtypar.

Ein ny raudlisteart for Meland kommune vart funnen under kartlegginga: Falsk brunskrubbe, som vart funnen i eike-/hasselskogen ved Hjartåsstøa. Arten er raudlista som nær truga (NT) i gjeldande raudliste (2010), men er ikkje spesielt sjeldan.

Nye lokalitetar og oppdaterte opplysningar blir lagt inn i Naturbase. Datasettet blir då òg tilgjengelege som wms-tema, og ein bør sørge for at opplysningane blir tilgjenge i kommunen si eiga kartinnsynsløysing. Funn av raudlisteartar blir lagt inn i Rapporteringssystemet for arter ([artsobservasjoner.no](http://artsobservasjoner.no)) og blir tilgjengelege på Artskart ([artskart.artsdatabanken.no](http://artskart.artsdatabanken.no)).

I samband med oppdatering av lokalitetane i Naturbase vil det, på grunnlag av nye ortofoto, bli gjort mindre endringar av lokalitetsgrenser for fleire lokalitetar enn dei som er omfatta av rapporten.

I 2014 har det òg blitt gjort undersøkingar i furuskogsområdet ved Gripakletten. Dette som ein del av ei kartlegging av det som no blir kalla nordleg regnskog, i dei fire vestlandsfylka. Desse resultatane er enno ikkje klare.

Ut frå resultatane frå kartlegginga av naturtypar i 2013 kan det sjå ut til at Meland kommune er ganske godt kartlagt. Det er i alle fall grunn til å tru at dei fleste lokalitetar med A- og B-verdi er fanga opp. Litt om kunnskapsgrunnlag og dekningsgrad er nemnt på s. 23 og 24 i den vedlagte rapporten.

God oversikt over viktige naturtypar vil vere arbeidssparande i tilfelle der ein står framfor tiltak som krev konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova. I slike tilfelle må ein likevel rekne med å gjere meir detaljert kartlegging utanfor dei alt registrerte lokalitetane for å få best mogleg oversikt over aktuelle naturverdiar i området.

Med helsing

Jørgen Aarø  
rådgjevar

Olav Overvoll  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*